

Ein modernisert tradisjonsbauta

På innsida av Haugatun sine fire vegger vart publikum teke med inn i ei verd utanom, bortom eller kanskje innanom vår eiga. Scenekunstkompaniet YMIST. sette opp tradisjonsrike *Draumkvedet* i ei ny påkledning laurdag.

ELINE SANDNES FOSSE
redaksjon@hf.no

Mystikk: Morten Espeland, ein av skiparane av YMIST., i rolla som Olav Åsteson.

«Dei står i ring omkring meg no og vil meg opp att vekke. Pust inn. Pust ut.»

Det einaste som bryt mørket i den store salen, er dei få lyskastarane plasserte mellom dei to stolrekkene langs veggene. Midt mellom dei står Morten Espeland oppslukt i rolla som Olav Åsteson. I mylderet av mørke, lys, røyk og mystikk tek han oss med på både ei indre og ytre vandring gjennom det opplevde dødsriket.

Ei vandring i dødsriket

YMIST. vart skipa av Morten Espeland og Erlend Samnøen i 2014. Lenge har dei vore interesserte i å ta tak i gamle, norske tekstar med munnlege tradisjonar. Med *Draumkvedet* ynskta dei å utfordra den tradisjonelle songframstillinga med ein scenisk teaterversjon. Det resulterte i ein monolog spela av Espeland og regissert av Samnøen.

I *Draumkvedet* møter ein Olav Åsteson, som sovnar på julaftan og ikkje vaknar opp att før 13. dag jul. I løpet av denne tida dreg han på ei vandring gjennom dødsriket. Forteljinga, som ofte vert tidfesta til å stamma frå mellomalderen, finst i over hundre skriftlege variantar. YMIST. si oppsetjing av verket tek utgangspunkt i Anne Skålen sin noko omdiskuterte versjon.

– Den skil seg ut av di den er mykje friare i si form. Den inneheld ein god del element som dei andre versjonane ikkje har, noko som gjer den rikare. Ein kan nesten kjenna det spontane frå då ho truleg dikta vidare undervegs. Den viser den delen av *Draumkvedet*-tradisjonen kor ein kan dikta undervegs, og ikkje berre må gjenta det ein har lært tidlegare. Det har inspirert oss i arbeidet, fortel regissør Erlend Samnøen.

– Det norske er i endring

Både Sophus Bugge, som samla inn ulike versjonar av verket, og ei rekkje forskarar

i seinare tider, har stempla denne versjonen som usann og upåliteleg. Det provoserer Samnøen og Espeland.

– Mange trur dei veit kva det norske er. Dei hevdar gjerne at det er ein spesifikk ting, og at *Draumkvedet* også er det. Når Skålen sin versjon då står fram som eit brot med denne opphøgde, norske tradisjonen, vert den forkasta og til og med avvist totalt. Det provoserer sjølvst. *Draumkvedet* er ein munnleg tradisjon. Då vert det feil at nokre dommarar skal sitja og avgjera kva for versjonar som er gode og ikkje. Eg meiner at dersom Anne Skålen meinte at hennar versjon var *Draumkvedet*, så er den vel det då. Det var eitt av motiva for å setja opp framsyninga. Me ynskta å laga ei versjon ut frå vårt perspektiv og vår tid, seier Espeland.

– Det norske er noko som heile tida er i endring, på same måten som *Draumkvedet* har endra seg opp gjennom tidene. Framsyninga me har sett opp, liknar kanskje ikkje så mykje på korleis *Draumkvedet* har vorte sett opp før. Me meiner at den likevel kan heita det, nettopp av di den er noko ein stadig komponerer vidare på, fortel Samnøen.

Balanse mellom gamalt og nytt

Arbeidet med oppsetjinga av teaterstykket har bydd på ei rekkje utfordringar.

– Når ein skal skriva eit nytt verk basert på eit gammalt verk, står ein i fare for å distansera seg så mykje frå det tidlegare verket at ein endar opp med noko som ikkje har noko med originalverket å gjera. Då me samstundes ynskta å laga ein fornya versjon, måtte me finna ein god balanse. I tillegg har det vore ei utfordring å skulla framstilla døden utan at det vert for trist eller fælt. Me har prøvd å gje eit bilete av noko som kjem til å skje oss alle, utan å framstilla det som korrekte bra eller dårleg, fortel Samnøen.

Som einaste skodespelar i det ein time lange teaterstykket stod Espeland overfor ei krevjande oppgåve.

– Rolla krev at eg har kondisjon til å framføra den store tekstmengda med dynamiske skift. I tillegg er det lagt opp til ein del fysiske element. Det kan til dømes vera vanskeleg å framføra ein tekst på ein interessant måte samstundes som eg står med beina bak nakken. Då vert det av og til som om to hjernar jobbar mot kvarandre.

Tek opp gamal teatertradisjon

Turneen til YMIST. går innom ei rekkje ungdomshus i Hordaland. Valet av lokale er langt frå tilfeldig.

– Ungdomshusa har ofte hatt ein veldig aktiv teaterproduksjon, men få har det enno. Før vart det gjerne produsert fleire framsyningar i løpet av året, noko heile bygda støtta opp om. Me ser ein stor verdi i å byggja vidare på denne teatertradisjonen, seier Samnøen.

Espeland fortel at det også ligg eit politisk motiv bak lokalvalet. Den stadige bygginga av kulturhus kan føra til at prisane for å leiga vert for høge for både lokale grupper og mindre scenekunstkompani som dei sjølv. Når riks- og regionteateret i tillegg set strenge tekniske krav til lokale, er det mange stader i distrikta som sjeldan får besøk av profesjonelle utøvarar.

– For oss er romma i ungdomshusa veldig eksotiske. For publikum er det på den andre sida deira vanlege forsamlingslokale. Difor vert det viktig for oss å framheva dei vakre romma. Me skal spela på lag med romma, og ikkje skjula kva hjelpemiddel me har teke med oss, seier Espeland.

Tek *Draumkvedet* vidare med på reise

– Kva trur de er årsaka til at *Draumkvedet* står så sterkt i litteraturen som det gjer?

– Etter kvart som det har utvikla seg gjennom tidene, har ord ein ikkje heilt veit tydinga av, vorte hengjande att. Menneske har fortalt teksten vidare utan å skjøna alle orda, men har teke dei med likevel. Det vert litt som å sjå tilbake i tid utan å forstå, men berre ana noko ein ikkje heilt klarer å setja ord på. Det gjev ein slik aura av mystikk, seier Samnøen.


– Georg Johannesen skildrar *Draumkvedet* veldig interessant i ei bok. Han skildrar det som eit skip som seglar på havet. Over tid vert mennesket skifta ut, og delar av treverket vert skifta ut. Skipet fortset likevel. Til slutt er det kanskje ikkje noko att av det opphavlege skipet, samstundes som ein ser på det som det same skipet. Då *Draumkvedet* vart skriva ned på 1800-talet, døydde den munnlege tradisjonen. Av di ein no tek utgangspunkt i dei skriftlege kjeldene, endrar ikkje *Draumkvedet* seg på same måten som før. Me ynskta å ta *Draumkvedet* med vidare på den reisa den ein gong var på, fortel Espeland.

Publikumsrekord i Haugatun

Framsyninga i ungdomshuset i Strandebarm laurdag gav publikumsrekord for turneen.

– Det var kjempekjekt. Me måtte til og med setja fram ekstra stolar. Me har vore bevisste på at publikum kanskje ikkje har sett denne typen teater før, og ynskta å laga ei framsyning som var både sjenerøs og tilgjengeleg, men samstundes i ein stil me likar. Sjølv er eg ikkje så oppteken av at ein skal måtta forstå alt, men det er viktig at publikum kjenner at dei har opplevd noko. Det er utfordrande at me ikkje har noka tilknytning til stadene der me framfører. Me har vore veldig heldige som har fått god hjelp frå dei lokale laga, og i Strandebarm skaut me tydelegvis gullfuglen, seier Espeland.

norsk shakespeare tidsskrift



Morten Espeland i Draumkvedet. Foto: Marte Vold

Draumkvedet i en sekulær samtid

(Bergen): Med Draumkvedet leverer Ymist en helstøpt fremføring av det gamle visjonsdiktet Draumkvedet. Men hva skjer med visjonæren når religionen tas bort?



Tekst:

Ragnhild Freng Dale

Det er et dikt med lange tradisjoner scenekunstkompaniet Ymist har gitt seg i kast med når de har laget en ny og modernisert versjon av *Draumkvedet*, middelalderballaden og visjonsdiktet om Olav Åsteson. Olav sovner julaften og våkner først trettende dag jul, hvorpå han går rett til kirken for å fortelle hva han har sett og opplevd. Diktet ble muntlig overlevert og er fortalt og sunget i et utall ulike versjoner gjennom tidene, antagelig fra så langt tilbake som slutten av middelalderen, da katolisismen fortsatt var gjeldende religion i landet. Derfor finnes det ingen original versjon, men over 100 ulike varianter som er samlet inn på 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet.

Diktet har også lang tradisjon for å ha inspirert norske billedkunstnere og komponister, fra Eivind Groven til Arne Nordheim og mer nylig Sondre Bratland, Unni Løvlid og en rekke andre. I denne nyversjonen for scenen har Ymist tatt utgangspunkt i Anne Skålen sin versjon, som er diktet videre på med nyskrevet tekst av Eirik Fauske. Han plasserer handlingen inn i vår tid, snarere enn en svunnen tid.

Sterkt og presist spill

Diktet er blitt en monolog Morten Espeland fremfører alene på scenen, med en intens og stødig tilstedeværelse som umiddelbart kjennes riktig for kvedets repeterende, melodiske linjer. Espeland har en kroppskontroll og presisjon som viser at han behersker både ordet og bevegelsene, som kommer til sin fulle rett i kastene og vekslingene han frembringer fra teksten. Enten det er søvnen han beskriver, der *'dei står i ring omkring meg no / og vil meg oppatt vekke'*, eller han ramler nedover fjellsider i kast etter kast som slår ham både grønn og til blods, så er stemmen gjennomgående melodios og bærende. Slik tar han oss med inn gjennom synkemyren og tåken og frem til *'der dommen sko stande'*, med stadige vendinger mellom ulike sinnstilstander (eller 'medvitsnivå' som det skrives i programmet til forestillingen), og bringer publikum frem på stolen og langt inn i fortellingen med ham.

Før Logen i Bergen har turneen omfattet ungdomshus på små vestlandssteder som Granvin og Ulvik, før turen går til Stord og Oslo. I Premieren

var lagt til Vats i Hallingdal trettende dag jul, dagen da Olav våknet fra slvnen. I Logens hovedrom, hvor lyskasterstrålene noen ganger lyser opp mot de overdådige lysekronene over oss, tenker jeg at denne fremføringen er tilpasset et helt annet rom enn dette, med sine assosiasjoner til borgersfæren snarere enn et ungdomshus som samlingspunkt for fest og for sørgetid og politiske møter i helt andre sosiale lag. Spillet er likevel så drivende godt at jeg ikke blir hengende ved det. Handlingen foregår nesten utelukkende på en liten stripe med lys, lyd og nedstrippet scenografi, noe som leder oppmerksomheten til Espelands fortellerkunst og koreografien, som bringer frem bildene i diktet uten å bli illustrative.

Samtidsreferanser

Med bearbeidelsen og Fauskes nyskriving er de religiøse referansene kraftig nedtonet, til fordel for det visjonære og den indre reisen til Olav. At handlingen foregår i et nåtidssamfunn blir tydelig gjennom elementer som en bil, sement i trappen i det fremmede huset, og traktorspor langs veien som dukker opp underveis. En referanse til fleinsopp vekker litt humring i salen, men reiser også spørsmålet om hvorfor Olav fikk disse visjonene. Var han bare sørpe full og kanskje litt høy da han bega seg ut i den andre verdenen? Har det egentlig noe å si? I en moderne verden uten Gud som referanseramme blir mennesket fryktelig alene med sine erfaringer, og det gjentagende spørsmålet om det er 'nokon andre' her (svaret er selvsagt nei, her er bare Olav), fremhever denne eksistensielle ensomheten.

Visjon i ny kontekst?

Samtidig er det en vitkig forskjell mellom samtiden og tiden diktet stammer fra. Hvis Olav ikke hadde våknet trettendedag jul og satt seg i kyrkjedøra for å fortelle, hadde han da blitt tolket dithen at visjonene var koblet til rett og galt og et møte med djevelen, innenfor fortolkningsrammene i den kristne lære? Den norske kulturarven fra middelalderen kan ikke fri seg fra verken kristendommen eller folkelige tolkninger av denne, noe som er tydelig nettopp i diktets mange ulike versjoner. En sekulær gestaltning virker nærmere vår tid, men hva går da tapt i forståelsen av diktet – og hva kommer til?

Som forteller- og framføringskunst står forestillingen sterkt, og en gjennomført og presis regi leder oss gjennom historiens mange skift av tilstand, sted og tid. Men når Olav kun kjemper i sitt eget mareritt, hva er det da han har å melde når han kommer tilbake? At mennesket aller mest står aleine? Eller at han har møtt krefter og skapninger på sin vei som kan gi oss en pekepinn på rett og galt selv uten religiøse tolkningsrammer? Her er det ingen åpenbare svar, men forestillingen gir mye tankemateriale å ta med seg videre, og er i alle tilfelle en oppvisning i hva som er mulig med sterke aktører og tilsynelatende enkle virkemidler på scenen.

Draumkveldet

Tekst: Eirik Fauske

Regi: Erlend Samnøen

Scenografi: Maja Nilsen

Lysdesign: Evelina Dembacke og Tilo Hahn

Lyddesign: Nils Jakob Langvik og Gaute Storsve

Dramaturg: Kai Johnsen

Tekstdramaturg: Finn Totland

Produsent: Ida Willassen

Premiere: Ungdomshuset Nordvang på Vats i Ål, 6. januar

Logen Teater, Bergen 16. januar

Gjenstående forestillinger:

18/1 — Ungdomshallen på Leirvik, Stord

26-28/1 – Nynorskens Hus, Oslo

Kontakt oss

Adresse

Norsk Shakespearetidsskrift
c/o Litteraturhuset
Wergelandsveien 29
N-0271 Oslo

Telefon

(+47) 971 96 772

E-post

redaksjon@shakespeaertidsskrift.no

Følg oss

- [Facebook](#)

Om oss

Norsk Shakespearetidsskrift dekker teater og scenekunst i inn- og utland, gjennom artikler, intervjuer, festivalomtaler og essays.